



Kommunane i Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Aasdalen, 35 58 62 72

Kommunal veterinærteneste - stimuleringstilskot 2020

Kommunane har ansvar for å syte for at dyrehelsetenestane er tilfredsstillande. Det vert gjeve eit tilskott til veterinærvakt, samt eit administrasjonstilskott. Vakt- og administrasjonstilskottet vert utbetalt til vakt-distrikta frå Landbruksdirektoratet. Rundskriv 2019-43 frå Landbruksdirektoratet av 07.02.2020 gjev ei nærare rettleiing for tilskott til kommunal veterinærteneste for 2020.

Det er sett av 31,4 mill. kr til stimuleringstilskot i 2020. Det er 12,9 mill. kr mindre enn året før. Tilskottet vert fordelt til Fylkesmannen, som gjer ei prioritering etter søknader frå kommunane i fylket. Vestfold og Telemark fylke har fått 984 000 kroner i stimuleringstilskot i 2020. Det vil sei eit stimuleringstilskot som er 439 000 kroner mindre enn i 2019.

Fylkesmannen har mottatt 4 søknader om stimuleringstilskot til veterinærar frå kommunane i Vestfold og Telemark.

1. Søknad frå Vinje kommune – Vest-Telemark veterinærdistrikt. Det søkjast om: Driftstilskot til veterinærtenesta 750 000 kroner, fagleg vedlikehald mv 250 000 kroner. Totalt søkjast det om 1 000 000 kroner.
2. Søknad frå Tinn kommune – vakt-distrikt Tinn kommune/Gransherad i Notodden. Det søkjast om: 350 000 kr til driftsstøtte, fagleg vedlikehald og etterutdanning.
3. Søknad frå Midt-Telemark Landbrukskontor – Midt-Telemark vakt-distrikt. Det søkjast om: 400 000 kroner til driftstilskot.
4. Søknad frå Drangedal kommune. Det søkjast om: 75 000 kroner til driftstilskot.

I kriteria for løyving av stimuleringstilskot, seier Landbruksdirektoratet at det er kommunar med lågt dyretal, store avstandar og dårleg næringsgrunnlag for veterinære tenester som vil bli prioritert.

Vurdering av næringsgrunnlaget for veterinærane.

Landbruksdirektoratet har utarbeidd ein kommunevis oversikt over dyretal og eit mogeleg grunnlag for inntening for dei ulike dyreslaga. I grunnlaget er det tatt med både produksjonsdyr inklusive hest og hund/katt. Oversikten er frå 2018, men ein antek at det ikkje er vesentlege endringar i løpet av denne tida.



Veterinærdistrikt	Vekta dyretal produksjonsdyr	Vekta dyretal hund/katt *	Sum vekta dyretal	Kilometerveg offentleg *
Grenland	1377	12593	13970	1263
Kragerø/Drangedal	325	1733	2058	425
Midt-Telemark	1469	3520	4989	821
Tinn	353	693	1046	273
Vest-Telemark	2473	1855	4328	1338
<i>Sum</i>	<i>5997</i>	<i>20394</i>	<i>26391</i>	<i>4120</i>

Heile Notodden er rekna med til Midt-Telemark, sjølv om delar av Notodden (Gransherad) høyrer til Tinn veterinærdistrikt. Tala vil difor være noko lågare for Midt-Telemark og tilsvarande høgare for Tinn.

Reiseavstandar har mykje å seie for veterinæranes arbeidssituasjon og effektivitet. I alle distrikta er det store avstandar, særleg i Vest-Telemark, men og i Midt-Telemark. Når det gjeld Grenland, er ein stor del av vegnettet kommunale vegar (vegar i bl.a. bustadområde) medan Kragerø og Drangedal har utfordringar med øyar der ferje og taxibåt må nyttast.

Dei enkelte veterinærdistrikta som har søkt om stimuleringstilskot, har alle saman utfordringar med bemanning og veterinærdekning.

Fordelinga av stimuleringstilskottet mellom kommunane er den same som i 2019, men løyvingane er mindre sidan Fylkesmannen i Vestfold og Telemark fekk ei mykje mindre ramme til fordeling i år.

Vedtak

Med grunnlag i dei søknadane som er fremja og dei føringane som er gjeve i rundskriv frå Landbruksdirektoratet, gjer Fylkesmannen i Vestfold og Telemark fylgjande vedtak:

Stimuleringstiltak vert løyvd til:

- 1. Vinje kommune (Vest-Telemark Vaktistrikt)**
Tilskot til driftstilskot og fagleg vedlikehald **kr. 570 000**
- 2. Tinn kommune (Tinn og Gransherad vaktistrikt)**
Tilskot til driftsstøtte og fagleg vedlikehald **kr. 225 000**
- 3. Midt-Telemark landbrukskontor (Midt-Telemark Vaktistrikt)**
Tilskot til driftsstøtte og fagleg vedlikehald **kr. 137 000**
- 4. Drangedal kommune (Kragerø/Drangedal vaktistrikt).**
Tilskot til driftstilskot **kr. 52 000**



Det er ein føresetnad at løyvingane nyttast i tråd med grunngjevingane i søknadane.

Landbruksdirektoratet forvaltar tilskotta og overfører i løyvingsbrev midlane til Fylkesmennene. Frå og med 2020 skal vedtak om og utbetaling av stimuleringstilskot gjerast gjennom Agros. Fylkesmannen utbetalar tilskottet til dei einskilde kommunane gjennom Agros. *Løyving av tilskot til kommunane er ikkje å sjå på som eit einskild vedtak og kommunane har såleis ikkje klagerett etter forvaltningslova.*

Om løyvinga.

Tilskottet skal nyttast i høve til løyvinga.

Fylkesmannen utbetalar tilskottet til den einskilde vertskommune.

Fylkesmannen/Landbruksdirektoratet kan kontrollere at løyvinga vert nytta i tråd med føresetnadane for tilskottet, «jfr bevilgningsreglementet § 10, annet ledd».

Dersom tilskottet ikkje vert nytta i samsvar med føresetnadane for tilskottet, kan tilskottet krevjast tilbakebetalt eller det kan gjerast trekk i tilskottet det etterfylgjande år.

Ein visar til rundskriv 2019-43 frå Landbruksdirektoratet som gjev rettleiing om bruken av stimuleringstilskot. Det er presisera at midlane ikkje kan nyttast til å dekke kostnader til klinisk veterinærvakt, og kommunen kan difor ikkje stille krav om vakttdeltaking for at veterinærene skal kunne ta imot slike midlar.

Kommunen/landbrukskontoret som har fått løyvd stimuleringstilskot, må syte for at dette gjerast kjent for alle veterinærer i distriktet, slik at veterinærene kan søkje om å få tilskott til si veterinærverksemd. Kommunen/landbrukskontoret løyver tilskot til veterinærene i høve til vilkår for løyvinga og grunngjevinga i søknaden frå kommunen til Fylkesmannen.

Det er klagerett på kommunens vedtak. Klageinstans er Fylkesmannen.

Rapportering

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen om bruken av midlane til vakttilskot og stimuleringstilskot. For stimuleringstilskot skal det rapporterast særskilt for dei einskilde tiltak som vert igangsett for å sikre tilgangen på veterinærtenesta. Fylkesmannen vil informere nærare om fristen for å rapportere.

Med helsing

Helge Nymoen (e.f.)
landbruksdirektør

Anne Aasdalen
seniorkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent